

Det fyllest opp med bubilar og vogner.

28.03.2018



Alt i dag i 16 tida var mange bubilar og vogner på plass på Rabben Feriesenter.

Alt i dag, onsdag, er det komne 10 - 15 bubilar og vogner til Rabben Feriesenter. Fleire kom til berre i den tida Uskedalen.no var innom Campingen. Fint påskever gjer at mange er på vegen og tek seg fram til campingsplass eller oppstillingsplass for bubilar og vogner. Av dei som har hytter på årsbasis, er dei fleste på plass. Utleiehyttene er for det mest utleigd.

Mange kjem frå Haugalandet og vel Uskedalen fordi det er ein roleg og fin plass, særleg for familiar med born. Rosendal er flott, men med langt fleire bubilar og vogner tett i tett, kan det bli meir plagsam støy utover kvelden.

Uskedalen.no snakka med familien Storesund frå Karmøy. Dei har vore i Uskedalen før, men då med båt. Det er fyrste året dei er på vegen på bubil. 25 år med båt er bytt ut med bubil. Rett nok har familien prøvd bubil ein gong før, men det vart berre med det eine året. Så var det tilbake til båt. No har dei endeleg vald bubil som ferieform.

Jostein Storesund er nøyen med å sjekka ver og vind før han vel reisemål. I kaldt ver er det viktig å vita kva vindretning det er og dermed finna ein plass utan for mykje trekk i lufta. I Uskedalen har dei rigga seg til slik at ein kan sitja i ein lun krok.

Det er mest ikkje båtgjester i Båthamna så langt i påsken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal.



Familien Storesund frå Karmøy har funne plassen sin og rigga seg til med ein lun krok. F.v: Birgitte Storesund Gjertsen og Kjartan, Ester og Jostein Storesund.